

**KONTROLLUTVALET I
STORDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 20. mars 2014, kl. 10.00

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Ingrid Løset

Elles til stades: Jonas Falch og Roger Lillebø

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Stordal kommune møtte ordførar Charles Tøsse og rådmann Lars Joranger i sak 02/14 og 04/14.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

Leiar Ingrid Løset stilte spørsmål ved eigen habilitet i sak 02/14 og 04/14 og forlet møtet. Det vart deretter gjort samrøystes vedtak om at Ingrid Løset er habil.

Ingrid Løset tok sete på nytt.

SAK 01/14

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. NOVEMBER 2013

Ved gjennomgangen vart det opplyst at problemstillingane knytt til sak 21/13 no var ordna opp i.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 25. november 2013 blir godkjent.

SAK 02/14

PRAKSIS VEDKOMANDE MØTEBØKER I STORDAL KOMMUNE

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.03.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til dei konklusjonane som kjem fram i saksutgreiinga.

SAK 03/14

UTGREIING OM ORGANISERING AV REVISJONSDISTRIKT – ORIENTERINGSSAK

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.03.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 04/14

TILSYNSRAPPORTAR FRÅ FYLKESMANNEN

Saksdokument datert 13.03. 2014 frå kontrollutvalsekretariatet
Orientering gitt av ordførar og rådmann

Tilsyna var innan helse- og omsorgstenestene i Stordal kommune.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ser alvorleg på dei tilstandane som tilsynsrapportane avdekkjer.
2. Kontrollutvalet vil følgje opp desse sakene i sitt vidare arbeid.
3. Tilsynsrapportane må føreleggast kommunestyret i førstkomande møte.

Ingrid Løset
leiar
(sign.)

Jonas Falch
nestleiar
(sign.)

Roger Lillebø
medlem
(sign.)